



Styremøte

Tid og stad:

Fredag 30. mai 2014 kl. 18.00 hos Anne Bjørg.

Saksliste:

1. Sjutoppsturen
2. Arthur-helga
3. Krafttaket 2014
4. Dugnad
5. Eventuelt

Desse var til stades:

Leiar	Anne Bjørg Bringsvor (ABB)
Nestleiar	Endre Vorren (EV)
Sekretær	Eirik Voksøy Bringsvor (EVB)
Kasserar	Svein Helge Bringsvor (SHB)
Styremedlem	Knut Olav Skare (KOS)

I tillegg var leiar for trimgruppa, Anders Bringsvor, med på første del av møtet.

Referat:

Sak 1: Sjutoppsturen, evaluering av årets arrangement. Gode tilbakemeldingar frå deltakarar. Må reknast som ein stor suksess. Noko manglande merking nokre stader. Kanskje bør vi endre på målområdet, og skilte betre her. Må ha nye og fleire tenger på toppane for å unngå kø. Gjere postane meir synleg også. Fleire folk og effektivisering på postane. Ha felles registreringskjema for både turmars, mosjon og konkurranse. Gjere det lettare å registrere konkurransedeltakarar ved målgang (fotografering, filming?). Vi bør også vurdere å legge til rette for busstransport til og frå Voksa.



Sak 2: Arthur-helga. Storteltet må plasserast ein annan stad enn tidlegare dersom vi skal ha det. Samarbeidsgruppa har sett på alternativ plassering. Idrettslaget går ikkje imot ei løysing med telt, men vi kan tenke oss å prøve Fiskarheimen i år. Dette fordi det må store inntekter til berre for å dekke utgiftene ved leige av teltet. Det vert for mykje arbeid på for få folk. KOS og ABB representerer SIL i samarbeidsgruppa, og vil ta med seg vårt syn til møtet i neste veke.

Sak 3: Vi har mottatt invitasjon frå Tussa om å ta del i konkurransen Krafttaket 2014. Ein kan vinne eit titals tusen kroner ved å gjennomføre eit prosjekt ein periode i september. Det var ikkje spesiell stor stemning i styret for å delta.

Sak 4: Dugnad bør arrangerast før ferien. Magne Kvernø har sagt seg villig til å beise klubbhuset. Elles bør vi vaske og beise benkane. ABB plukkar ut ein dato og gir beskjed.

Sak 5: Eventuelt. Ingen innspel.

Møtet vart heva kl. 20.00.